



RIKSANTIKVAREN  
Postboks 1483 Vika  
0116 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ragnhild Naug Aas, 71 25 85 19

## Svar på høyring - Bevaringsstrategi for landbruket sitt kulturmiljø

Vi viser til høyringsforslag om «Bevaringsstrategi for landbruket sitt kulturmiljø» med frist for uttale 30.06.2024. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har hatt ein intern prosess med involvering av fleire fagområde i samband med denne uttala.

### Samandrag

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er positive til bevaringsstrategien for landbruket sitt kulturmiljø. Vi meiner den vil bidra til å styrke bevaringa og utviklinga av desse miljøa. Utover dette har vi følgande innspel til forslaget:

1. Avklaring av ansvar, roller og oppgåver: Tydelegare forventingar til kven som skal bruke bevaringsstrategien og korleis skal den bli brukt.
2. Klargjering av økonomiske konsekvensar og samordning av verkemiddel.

### 1. Avklaring av ansvar, roller og oppgåver

Bevaringsstrategi for landbruket sitt kulturmiljø skal, saman med dei andre tematiske bevaringsstrategiane, gje retning for forvaltninga sitt vidare arbeid med kulturmiljø. I forslaget står det mellom anna at; «*Bevaringsstrategien for landbrukets kulturmiljø skal være et verktøy for en samlet innsats og et felles engasjement for å prioritere tiltak knyttet til disse kulturmiljøene*».

I strategien er ulike aktørar og deira rollar lista opp. Alle desse jobbar med landbruket sitt kulturmiljø på ulikt vis gjennom planarbeid, forvaltning av tilskotsordningar, rådgjeving og rapportering m.v.

Vi meiner at strategien bør vere tydelegare på ansvarsfordeling, kva som er forventa av dei ulike offentlege forvaltningsnivåa ved oppfølging av strategien, og korleis strategien skal implementerast med dei eksisterande oppgåvene til forvaltninga på statleg, regionalt og kommunalt nivå. Til dømes; Korleis skal strategien brukast og vektleggast i kommuneplanarbeidet, ved utforming av Regionale miljøprogram (RMP) eller i arbeidet med Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL).



Det er viktig å sjå samanheng mellom strategien sine resultatmål og forvaltninga sitt daglege arbeid. Konkrete forventningar og gode eksempel på bruk, vil gjere det enklare å bruke og følge opp strategien.

## 2. Økonomiske konsekvensar og samordning av verkemiddel

For å nå mange av resultatmåla i bevaringsstrategien vil det bli eit auka behov for midlar. Det kjem ikkje fram om strategien skal følgast opp med nye ressursar eller konkrete verkemiddel, slik som nye tilskotsordningar. Nye eller utvida tilskotsordningar vil krevje fleire sakshandsamarressursar i forvaltninga.

Vi meiner at strategien bør vere tydelegare omkring kva for økonomiske konsekvensar den vil få, og eventuelt korleis dei eksisterande tilskotsordningane skal eller bør innrettast for å gjennomføre aktivitet og tiltak, og for å nå resultatmåla i strategien. Dette gjeld til dømes Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL).

Det er positivt at det blir peika på behovet for betre samordning av verkemiddelbruk, inkludert samordna bruk av tilskotsordningar. Fleire ulike tilskotsordningar kan i dag brukast på kulturmiljø og kulturminne. Vår erfaring er at det er vanskeleg for både forvaltninga og søkarar å samordne tilskot frå fleire ordningar, når dei har ulike søknadsfristar, er lagt til ulike forvaltningsinstitusjonar og til ulike sakshandsamingssystem.

### Generelle betraktningar

Aktiv jordbruksdrift er en føresetnad for å ta vare på mange kulturmiljø. I andre tilfelle kan aktivitet som pløying, grøfting, nydyrking, hogst, nybygg osv. komme i konflikt med kulturmiljø, då særleg automatisk freda kulturminne. Dette er også framheva fleire stader i forslaget til bevaringsstrategi. For to av deltemaa er følgande tiltak lista som eksempel for å sikre ivaretaking og bruk ; «*Vurdere handlingsrommet i regelverk og gjennomgå saksbehandlingsrutiner for tiltak i jordbruket som kan skade automatisk fredete arkeologiske kulturminner*». Vi vil påpeke viktigheita av at dette greies ut på en grundig måte, slik at ein både legg til rette for vidare landbruksdrift og for å ta vare på mangfaldet av kulturmiljø landbruket har skapt.

Med helsing

Frank Madsøy (e.f.)  
direktør

Ragnhild Naug Aas  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*